



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 31.10.2019

Vår ref: 19/03908-2

Dykkar ref:

Høyring - forslag til reglar for Mellomkyrkjeleg råd

Høyringsssvar.

Møre bispedømmeråd takkar for høvet til å gi høyringsssvar til saka om reglar for Mellomkyrkjeleg råd.

Bispedømmerådet meiner det er klokt at det er eit eige utval som har særleg ansvar for Den norske kyrkja sine internasjonale relasjonar, økumenikk og tilhøvet til trus- og livssynssamfunn. Bispedømmerådet ser også behovet for oppdatering av ordningane og støttar dei fleste forslaga i høyringa. Nokre kommentarar og synspunkt vil Møre bispedømmeråd likevel gi uttrykk for.

Bispedømmerådet meiner at Bispemøtet, som ansvarleg for kyrkja si lære, bør få ei tydelegare stemme i Mellomkyrkjeleg råd. Vi vil foreslå at biskopane er representert i Mellomkirkelig råd ved preses og ein annan biskop, peika ut av Bispemøtet.

Med omsyn til kva organisasjonar som skal ha representasjon i rådet, ser vi at høyringsutkastet ikkje reflekterer den rolle misjonsorganisasjonane har i fagfeltet som Mellomkyrkjeleg råd forvaltar. I gjeldande regelverk, §2 pk. d) er ein av hovudoppgåvene til Mellomkyrkjeleg råd formulert slik; «fremmer samarbeid og dialog med andre trossamfunn, nasjonalt og internasjonalt» Vi ser at misjonsorganisasjonane har innsikt, kompetanse og erfaring som på mange punkt gjer dei til viktige samtalepartnarar når rådet skal ivareta oppgåvene som er skissert i §2. Bispedømmerådet i Møre vil difor foreslå at leiar av det nasjonale «Samarbeidsrådet for Menighet og Misjon» får sete i Mellomkyrkjeleg råd.

Med omsyn til representasjon frå bispedømmeråda støttar vi at talet på desse representantane blir redusert. For å kunne gi demokratisk legitimitet og for å sikre geografisk breidde i rådet er det uheldig å redusere talet på bispedømmerådsvalde medlemmer til 4 medlemmer, slik høyringsuttalen sitt alternativ 1 rår til. Vi trur at alternativ 2, med 6 valde medlemmer frå bispedømmeråda er ei god ordning. Vi trur også at medlemene skal veljast av Kyrkjemøtet, mellom Kyrkjemøtet sine medlemmer, framfor å bli utnemnd av Kyrkjerådet. Ein slik modell vil sikre at rådet blir eit forankra demokratisk organ, med erfaringsbreidde og med fagleg tyngde.

Som ein konsekvens av argumentasjonen over, rår bispedømerådet til at leiar av Mellomkyrkjeleg råd framleis blir vald av Kyrkjemøtet.

Med helsing

Arvid Helle
Leiar kyrkjefagavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO